



## ARNA ROTARYKLUBB – KLUBBMØTE 05.05.2025

Presidenten ønska alle velkomne, ikkje minst til Arne Dybland frå Sandnes og Gands rotaryklubb som fylte år denne dagen.

Han ga ros til Jon og hans hjelparar for vel gjennomført konsert med Sigrid Moldestad frå Breim.

Vidar kunne fortelja at Bjørn Eliassen, ektemaken til Ingeborg, gjekk brått bort den 02.05. For å visa medkjensle tente han eit ljós og bar fram helsing til alle frå Ingeborg med melding om at ho snarast ville vera attende på møta.

### 3 minutter – Alfred Nyheim

Alfred via sine tre minutter til Sansehagen som treng både rydding og pynting. Dato for arbeidet vart fastsatt etter litt diskusjon. Vidare kunne han meddela at han har vore rotarianar i 47 år etter opptak i 1978 medan Arne Lund Kvassnes var president.

### Dagens tema – Hvordan brygge øl v/Espen Flataker og 15 min v/Britt Indreærne

#### *Så var det tid for Espen til å læra oss ølbrygging*

Prosessens omfatter tre hovedelementer: Brygging - Gjæring – Tapping, som innehold 6 steg, mesking, skylling, koking, kjøling gjæring flasking/fating. Under heile prosessen er hygiene avgjerande for å få best resultat. Samme gjeld for kvalitet på ingrediensene som inngår i det ferdige produktet, ikkje minst vatnet som naturlig nok representerer ca 98 %. Andre råvarer er malt, humle og gjær. For å få fram ymse ølstyrke er kokinga og gjærtypen, ale eller lager ein viktig faktor.

Hovedutstyr er som venta ein Bryggekjem, som kan vere kva som helst kjele og videre tappeutstyr. Her finnes etter kvart mykje å velge mellom, meir og mindre avansert. Det har etter kvart auka på med private bryggerier stort sett overalt som nyttar all slags utstyr. Det vart litt spørsmål og svar underveis og her vart også at dagens gjest Arne stor interesse.

#### *Så var det Britt Indreærne sin tur*

Ho visste tidleg at ho ville bli lærar på Bergen Kommunale Industriskule. Det krevde 2 år på Statens Lærarhøgskule etter forutgåande skular og praksis og endte med opptak som tidenes yngste student. Etter to travle år i Oslo var ho tilbake i Bergen og fekk timer på Industriskulen som førte til full stilling etter kvart med vidareutdanning og vart værande i 17 år.





Var på denne tid gift med tre barn, så det vart ei travel tid. Underviste så ei tid på Kronsminde VGS før ho havna på Garnes VGS. Begge stader også som tillitsvald.

Hadde så ein tung periode då ho og mannen flytta frå kvarandre etter 25 år. Fekk ein deprsjon og i tillegg kreft. Alt dette gjorde at ho var arbeidsufør i 2 år og såg etter andre høve. Tok kontakt med Oleana og fekk jobb der som utvikla seg til leder for søravdelinga. Vart seinare selger og deltok på messer både i Stockholm og København. Kundekontakt likte ho godt og fekk nært kontakt med nokre kundar til og med frå Japan og ein frå Finland som ho framleis har kontakt med. Dette arbeidet medførte også omvisningar på fabrikken og dokumentering av alt som vart publisert om Oleana. Her jobba ho i 20 år, siste året med 1 dag i veka.

Litt frå det private. Britt budde dei første 6 åra på Lone med fire søskjen og deretter Indre Arna og gjekk i Borgstova i 2 år og sidan Indre Arna skule samstundes som dei flytta i eige hus i Stølsvegen. Har hatt ein god oppvekst med mykje musikk, latter og løye og kjærleik i heimen. Glad i naturen med mange turar i skog og mark sommar som vinter. Det var ei fin tid.

Ho syng i Haukeland Songlag etter 40 års medlemskap, reiser ein god del, på hytta i Eksingedalen frå 60 åra. Har 7 barnebarn, dei to yngste 5-6 år som krever sitt. Er sekretær i Pensjonsforbundet Arna, opptatt av kunst og kultur, går mykje i teateret, konserter og utstillinger. I tillegg har eg Rotary oppgåvane og då er det ikkje meir tid att.

## Annet

Presidenten minnte oss på Peter Frølich den 28.05, takka for møte og ønska vel heim.

## Referent

*Sverre Vambheim*





## ARNA ROTARYKLUBB – KLUBBMØTE 12.05.2025

Presidenten ønska alle velkomne til møte og refererte til brev frå Verdenspresidenten som uttrykte stor takk til Arna Rotary for bidrag til RF i fordindelse med POLIO plus.

Vaksinasjonen har nå nådd 99,9 % og det står att litt i India. Mannskaper går fra hus til hus med vaksinering i stadig i håp om at man snart er i mål.

### 3 minutter – Utgår

### Dagens tema – Yrkesforedrag v/Tore Thomassen og 15 min v/Synnøve Tverlid

Tore er 57 år, oppvachsen på Vaksdal, men har budd i Arna sidan 1989, gift, har tre barn og to barnebarn, bygde hus i Seimsvegen i 1990 og bur der framleis.

Har vore med i Arna- Bjørnar som hjelpetrenar/miljøkontakt , i Garnes Skolekorps, i Arna Svømmeklubb med ei dotter er aktiv og nå med i BSC. Er dommer og dømmer på stevner i Bergensområdet. Går mange tur i fjellet både sommar og vinter, og frå 1990 brukes hytten i Myrdalen sammen med familien.

Yrkeserfaringen som varte i ca 8 år startet innen fiskeoppdrettnæringen i Ytre Sogn og varte i ca 8 år. Var i den perioden innom både brislingfiske , makrellfiske og yngeloppdrett. Opplevde skipshavari i 86.

Var innom Trengereid oppdrett og seinere Garnerhallen for ein kort periode.

Så gjekk Tore over til Trafikk/Transport som varte i13 år og kjørde buss i HSD i Arna i det somF heitte HSD men endte opp som Tide. Her tok han fagbrev som yrkessjåfør i 2.012. I 2016 vart han trafikkleder og dreiv også med turkjøring.

ara vart han trafikkplanlegger med hovedansvar for Flybussen, Kystbussen, Sognefjordekspressen og Fjordekspressen.

Fokusområdene var; økonomisk utnyttelse av materiell, begrense overtidsbruk av sjåfører, taktisk bemanning, styre kapasitet utfrå billettsalg, opprettholde rutetabeller og utføre tiltak vdd driftsavvik.

Etterpå vart det ein spørsmålsrunde.





Synnøve tok over med sine 15 min. og fortalte om familien med fire søsken og sjølv med to etterkomrar, Joakim og Markus. Ho kunne fortelje om eit svært aktivt liv på mange frontar. Friluftsliv har gitt stor glede og inspirasjon av naturen med fjord og fjell og turar til mange stader i landet frå sør til nord. Ein av favoritturane var i Stølsheimen. Av hennar største interesser har fotball dominert på alle nivåer både som spelar og seinare trenar og 20 års erfaring i styrearbeid heilt til topps. Dette har vorte utført med stor innlevelse og arbeidskapasitet til alles glede. Har 15 års medlemskap i Rotary og var president i 2014/2015. Var også i styret til Brann i nokre år.

I arbeidslivet har ho vore tilsett i Rieber & Søn ASA, hovedsakleg i Nøstegaten i Bergen inntil firmaet vart slått saman med Orkla Foods ASA i 2013. I samanheng med det var ho i Oslo eit par år. Arbeidet her vore knytta til IT med vidare studier innan PIM som er et system for omfattende produktinformasjonsstyring i sin ytterste konsekvens.

## Annet

Presidenten presenterte klubbsaker og takka for framsmøte og vel heim.

## Referent

*Sverre Vambheim*





## ARNA ROTARYKLUBB – KLUBBMØTE 19.05.2025

Presidenten ønska alle velkomne.

Han oppmoda medlemene om å skaffa kandidater til RYLA med frist siste mai for komande kurs 26 – 29 /09 . Det er laga eit introskriv av Odd og Vidar som kan nyttast til formålet.

### 3 minutter – Aksel Skjervheim

Aksel hadde tre minutter og lovpriste dei turområda han har tilgjengelig i Åsane.

### Dagens tema – Our Children Learning v/Ousmane Kabo og Jarle Lysebo

Ousmane fortalte om landet TSJAD, republik, med eit areal er ca tre gonger større enn Norge har rundt 19 mill inbyggere. Det er eit av dei minst utvikla land i verden med lange tørkeperioder etter frigjeringa frå Frankrike i 1960. Landbruk er likevel den dominerande næringsgrein.

Så fortsatte Ousmane og Jarle med å presentera sitt prosjekt, OCL , ein organisasjon, stifta i februar 2021 med formål å bygge skoler og brønnar i Kokaga i Tsjad. Nå er seks skoler i drift med tilsammen 900 elever og reint vatn skaffa frå ni brønnar som gir mange tusen reint vatn.

Utbrygging av skolar vil fortsetja og tanken er å starte ungdomsskoler også. Etter kvart vil det også koma fleire brønnar. Dette har dei fått til med pengegåver frå mange. Dei skrytta av Arna Rotary som fekk mykje ros.

Dei har mange delprosjekter på gang for den vidare utvikling som vil bli fokusert i tur og orden. Det første store som nå står for tur er få bygt er ANNAs Helsestasjon med helsesykepleiere. Vidare er det planar om Syskole for kvinner, Folkets historie, Skolebibliotek, Program for språk og som før nevnt både nye Brønner og nye Skolebygg. Dessuten har dei også planteprosjekter på tapetet.

Me fekk også døme på kor mykje dei får gjort med små midlar. Som ein kuriositet har dei skaffa/kjøpt motorsykkel til Rektoren på skolen som han nyttar når dei respektive skolane skal besøkast,

Mange av skolane var ferdig i 23 og 2024 med hjelp frå fagfolk og andre frå lokalbefokningen på dugnad. Overskot frå KFUM/KFUK sin bruktbutikk ,Vel Bevert,bidrar betydeleg. I den samanheng kan også nevnes tre rotaryklubber, Bergenhus, Torgalmenningen og Arna bidrar i betydelig grad.

Andre bidragsytere er Anna Jebsens Minde Siftelse, Grafisk Digital, Aktiv Omsorg Vest og M. Vest Energy.





Det var uhyre interessant og framstilt med stor entusiasme.

## Annet

Presidenten avslutta møte med stor takk til forelesarane for den innsats dei gjer for folket i eit av verdens fattigste land og takka for møte og ønska alle vel heim.

## Referent

*Sverre Vambheim*



## ARNA ROTARYKLUBB – KLUBBMØTE 26.05.2025

### 3 minutter – Ove Skjoldal

Ove har vært i konfirmasjon i helgen og hadde noen tanker rundt det store spørsmålet: Hva er vi her for, hva holder vi på med? Dette passer fint sammen med oss som er med i Rotary og mottoet vårt, service above self. Her møter vi mennesker som har fokus utover seg selv, som har plass til 'meg'. Her møter vi folk som bryr seg og det er godt å være sammen. Han avsluttet med å vise til Haldis Moren Vesaas sitt dikt 'Tung tids tal' og setningen: 'Det heiter ikkje: eg – no lenger. Heretter heiter det: vi.'

### Dagens tema – Innkommende President

Odd Fosse snakket om neste år og gikk gjennom neste års styret, komiteene og delansvarlig for andre faste program. Presentasjonen av dette blir sendt til alle medlemmene på mail etter møtet.

Føring fra distriktet er at Rotary skal søke prosjekter eller handlinger som motvirker utenforskaps. Odd liker dette og det også mye av det vi holder på med.

Odd avsluttet med å vise bilde av 2 kjøttetende planter som vi har i Norge.

### Annet

Ingen saker.

### Referent

*Kristin Akselberg*

